



STRYN KOMMUNE



# Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2020-2024

VEDTEKEN AV STRYN KOMMUNESTYRE  
KS 58/20 17.12.2020

## Innhold

1 Bakgrunn.....	4
1.2 Formål.....	4
1.3 Planarbeid.....	4
1.4 Avgrensingar.....	4
2.0 Nasjonale og kommunale føringar .....	6
2.1. Lovverk .....	6
2.2 Andre nasjonale føringar .....	7
2.3 Lokale føringar.....	8
2.4 Samarbeid med andre .....	8
3.0 Definisjonar .....	9
DEL I: Ruspolitisk del.....	10
4.0 Risiko og konsekvensar ved rusmiddel.....	10
4.1 Ungdom og alkohol .....	11
4.2 Noreg.....	12
4.3 Rusmiddel og ungdom.....	14
4.4 Dødsfall som følge av alkohol.....	15
4.5 Rus og trafikk.....	15
5.0 Utvikling og utfordringar i Stryn kommune.....	16
5.1 Ungdom og rusmiddel i Stryn.....	18
5.2 Legal omsetnad av alkohol lokalt: .....	18
5.3 Kommunale innsatsområder .....	19
5.3.1 Skule .....	19
5.3.2 Skulehelseteneste .....	19
5.3.3 Helsestasjon for unge.....	20
5.3.4 Psykisk helsearbeidar barn og unge .....	20
5.3.5 Frisklivssentral .....	20
5.3.6 Fastlege.....	20
5.3.7 Barneverntenesta .....	20
5.3.8 Psykologteneste .....	20
5.3.9 NAV.....	20
5.3.10 Psykisk helse og rustenester til vaksne .....	20
5.3.11 Førebyggingsforum.....	20
5.3.12 Rusfrie arenaer .....	21
5.3.13 Anna, frivillege lag, organisasjonar og idrett.....	21
5.3.13 Kompetanse.....	21

5.4 Hjelp ved rusmiddelbruk .....	22
6.0 Mål og tiltak .....	23
6.1 Mål.....	23
6.2. Strategiar .....	23
6.3 Tiltak .....	24
Matrise for oppgåver og ansvar .....	25
DEL II: Løyvepolitisk del .....	26
7.0 Løyvepolitikk.....	26
Kontrollverksemd .....	26
Retningslinjer.....	26
Evaluering .....	26
Vedlegg .....	26

## 1 Bakgrunn

Etter § 1-7d i alkohollova er kommunen pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan<sup>1</sup>. Alkohollova set rammene for korleis alkoholpolitikken skal forvaltast. Kommunane har eit vesentleg ansvar og stor fridkom til å utforma sin eigen lokale alkoholpolitikk innanfor desse rammene. Den kommunale fridomen er relativt stor og som ein konsekvens av dette er alkoholpolitikken i stor grad avhengig av kva politikk kommunane fører.

Planen skal rullerast kvar kommunestyreperiode slik at det sitjande kommunestyret i 4-års-perioden kan styre den kommunale alkoholpolitikken med retningsliner for løyvetildeling, førebyggjande innsats og ressursar for oppfølging av personar med rusproblem.

### 1.2 Formål

Dette er ei revidering av Stryn kommune sin Rusmiddelpolitiske handlingsplan for perioden 2016-2020, vedteken i kommunestyret 31.03.16, sist endra 06.02.18. Planen skal gje retningsliner for kommunen sin løyvepolitikk, samt vere eit verktøy for å sjå løyvepolitikken, førebyggjande innsats og tiltak mot rusproblematikk i samanheng. Den rusmiddelpolitiske handlingsplanen er delt i to hovuddelar, ein rusmiddelpolitisk del og ein løyvepolitisk del.

Planen er todelt og har følgjande mål:

- 1) Førebygge og redusere uheldig og skadeleg bruk av rusmidlar
- 2) Handtere regelverk om rusmiddel, samt sal og skjenking av alkohol.

### 1.3 Planarbeid

Planen byggjer på tidlegare Rusmiddelpolitisk handlingsplan, men det er i denne versjonen gjort ein del endringar. Saksbehandlar for skjenkesaker og kommunalsjef Helse- og sosial har hovudansvaret for utarbeiding av planen. Arbeidsgruppe til arbeidet har vore kommunen sitt Førebyggingsforum. Dette er samansett av representantar frå barneverntenesta, NAV, kulturavdelinga, helsesjukepleiar, politi, repr. frå vidaregåande skule og skuleetaten.

Etter ferdigstilt utkast til plan har denne vore på høyring til sentrale samarbeidspartar og faginnstansar. Planen har i tillegg vore tilgjengeleg på Stryn kommune si heimeside med muligheit for innspel frå innbyggjarane.

Planen har vore politisk behandling i Helse- og sosialutvalet og Formannskapet, og endeleg vedteken i Kommunestyret.

### 1.4 Avgrensingar

Planen omhandlar i all hovudsak førebyggjande tiltak, og korleis kommunen handterer regelverk rundt rusmidlar. Målgruppa for planen vert difor barn og unge, samt personar over 18 år som lovleg kan kjøpe og konsumere alkohol og tobakk.

Narkotika vert berre omtalt i eit førebyggjande perspektiv.

Planen går ikkje i djupna på tilbod og tiltak til rusavhengige då dette vil høyre innunder anna planverk innan rus og psykisk helse.

---

<sup>1</sup> [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-02-27/KAPITTEL\\_1#%C2%A71-10](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-02-27/KAPITTEL_1#%C2%A71-10)

Stryn kommune sin ruspolitiske handlingsplan legg størst vekt på alkohol, sidan det er dette er det rusmiddelet som blir mest brukt og som skaper dei største sosiale problema i landet vårt. I det førebyggande arbeidet mot ungdom er bruk av tobakk og andre rusmidlar også eit viktig tema.

Det finst også andre stoff og aktivitetar som kan definerast som misbruk og skape avhengigheit på line med rusmiddel som t.d, pengespel, dataspel spel og surfing på nett. Desse vert ikkje omhandla i denne planen.

## 2.0 Nasjonale og kommunale føringer

FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, utlikne ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Måla består av 17 mål og 169 delmål. Desse skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Noreg har forplikta seg til å arbeide for å oppnå desse måla. Berekraftsmål nr 3 heiter «God Helse», og eit av delmåla er å «styrke førebygging og behandling av rusmiddelmisbruk, blant anna misbruk av narkotiske stoff og skadeleg bruk av alkohol»<sup>2</sup>



### 2.1. Lovverk

Kommunen sitt ansvar vert dekkja av fleire lover, som til dømes:

- Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkohollova)
- Lov om vern mot tobakksskader (tobakksskadeloven)
- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse- og omsorgstenestelova)
- Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova)
- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (sosialtenestelova)
- Lov om spesialisthelsetenester (spesialisthelsetenestelova)
- Lov om pasient- og brukarrettigheter (pasient- og brukarrettighetslova)
- Lov om psykisk helsevern (psykisk helsevernlova)
- Lov om barneverntenester (barnevernlova)

**Alkohollova** regulerer all import og omsetnad av alkoholhaldig drikk. Lova slår fast at alkohol er ei lovleg vare. Formålet med lova er i størst mogeleg grad å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan medføre. Avgrensing av forbruket er difor ei av målsettingane og kommunane vert oppmoda om å ha lova sitt formål i tankane ved utforming av den totale kommunale alkoholpolitikken.

**Tobakkskadelova** sitt formål er å avgrense dei helseskadar som bruk av tobakksvarer medfører gjennom å redusere forbruket og på sikt bidra til å oppnå eit tobakksfritt samfunn.

**Helse- og omsorgstenestelova** stiller krav om generell førebyggjande verksemd frå kommunen si side ved å gjere seg kjent med levekåra i kommunen, og redusere eller førebygge utviklingstrekk som skaper eller opprettheld, skade, sjukdom og sosiale problem, inklusiv alkohol- og rusmiddelbruk.

**Folkehelselova** har som formål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale helseskilnader. Lova seier at kommunen skal setje i verk naudsynte tiltak for å møte kommunen sine folkehelseutfordringar knytt til sosiale helseskilnader, oppvekst og levekår

**Sosialtenestelova** pålegg kommunen, ved NAV, å betre levekåra for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, herunder at den enkelte får moglegheit til å leve og bu sjølvstendig, og fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.

<sup>2</sup> <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal/god-helse-og-livskvalitet>

**Spesialisthelsetenestelova** gir andrelinetenesta ansvar for tilbod om tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelavhengighet, også institusjonsplassar, akutthjelp og rehabilitering. Spesialisthelsetenesta skal sørge for tilgang til somatiske og psykiatriske spesialisthelsetenester.

**Pasient- og brukarrettighetslova** har fokus på brukaren sin rett til behandling og oppfølging.

**Psykisk helsevernlova** skal sikre at hjelpa vert utøvd forsvarleg med respekt for den enkeltes fysiske og psykiske integritet og i størst mogleg grad vere i tråd med pasienten sine behov og ønskjer, og med respekt for menneskeverdet.

**Barnevernlova** skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsyn hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid, og at barn og unge har trygge oppvekstvilkår.

## 2.2 Andre nasjonale føringar

Løyvesystemet, reklameforbod, aldersgrenser og avgiftspolitikken er alle politiske verkemiddel for å førebygge og redusere bruk av alkohol. Vidare utformar regjeringa også stortingsmeldingar, strategiar, reformer og handlingsplanar for å forme rusmiddelpolitikken. Samanlikna med andre land har Norge ein restriktiv alkoholpolitikk, og fleire verkemiddel er nytta for å legge føringar for sal og skjenking av alkohol, samt innsats mot det førebyggjande arbeidet og reduksjon av skadeleg rusbruk.

- Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholforskriften)
- Håndbok i alkoholloven – Alkoholloven med kommentarer og Alkoholforskriften med kommentarer
- Forskrift om registrering av og tilsyn med salg av tobakksvarer mv. (tobakksalgsforskriften)
- Opptappingsplanen for rusfeltet (2016-2020)
- Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn St.mld. 19 (2018-19)

Verdas Helseorganisasjon peikar på alkoholinntak som ein viktig risikofaktor for funksjonstap og død, og har eit globalt mål om 10 % reduksjon i skadeleg alkoholbruk innan 2025, samt eit lågt gjennomsnittsforkonsum av alkohol som mål. Viktige innsatsområder for reduksjon og førebygging er blant anna ansvarleg alkoholhandtering, tidleg innsats, førebygging i arbeidslivet, førebygging av einsemd, satsing på psykisk helse, og rusmidlar og eldre<sup>3</sup>.

Psykiske lidningar og rusbruk opptrer ofte saman. Menneske med alvorlege psykiske lidningar har betydeleg oftare eit skadeleg bruk av rusmidlar samanlikna med resten av befolkninga. For nokon kan rusmiddel vere ein form for sjølvmedisinering fordi rusmidlane kan dempe symptom på psykiske lidningar. Hos andre kan dei psykiske lidningane vere utløyst av rusmidlane. Det er difor viktig å sjå rus og psykiatri i samanheng, og ha eit heilskapleg bilete på personar som har psykiske lidningar og/eller har eit høgt forbruk av alkohol<sup>4</sup>.

<sup>3</sup> <https://tidsskriftet.no/2019/09/for-andre-tidsskrifter/okende-alkoholforbruk-globalt>

<sup>4</sup> <https://www.helsenorge.no/rus-og-avhengighet/behandling-av-samtidige-rusproblemer-og-psykiske-lidelser/>

## 2.3 Lokale føringar

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Grunnlagsdokument, helsetilstand og påverkande faktorar (2019).
- Forebyggingsforum sitt mandat til arbeid med førbyggjande arbeid
- Kommunale delplanar

I kommunen sin samfunnsdel frå 2013-2024 er eit viktig mål å skape trygge lokalsamfunn som ein viktig faktor for gode oppvekstmiljø. Strategiar som er nemnd for å nå Stryn kommune sine mål er:

- Helse og førebygging skal ha vekt i planlegging og tenesteutøving
- Tilrettelegging av god infrastruktur for fellesskap, tryggleik, deltaking og sunne levevanar
- Aktiv bruk av Politiråd og Førebyggingsforum med fokus på ungdomsmiljø og førebygging av kriminalitet og rusproblematikk
- Vidareføre og utvikle MOT arbeidet
- Satse på konseptet Frisklivssentral for strukturert hjelp til endring av livsstil

Grunnlagsdokument for helsetilstand og påverkande faktorar (2019)<sup>5</sup>, seier noko om kva utfordringar Stryn kommune har basert på statistiske undersøkingar og lokal kjennskap, samt utviklinga over tid. Ungdata- undersøkinga som vert gjort på ungdomskulen og i vidaregåande skule er ei viktig kjelde til informasjon vedrørande rus og psykisk helse i for dei mellom 13-20 år i kommunen. Sist undersøking vart gjort i 2017, og det er planlagt ei ny undersøking i starten av 2021.

## 2.4 Samarbeid med andre

Arbeidet for å nå måla i det ruspolitiske arbeidet vert ikkje løyst av det offentlege åleine. Frivillege og ideelle organisasjonar, sjølvhjelpsgrupper og brukar- og pårørandeorganisasjonar er viktige i dette arbeidet. I tillegg er eit mangfald av ulike rusfrie arenaer innan kultur, idrett, frivillege organisasjonar og andre aktivitetar, med på å skape gode livskår for barn og unge, foreldre, vaksne og eldre.

Rusfrie arenaer er viktig for innbyggjarane. Eit mangfald av slike arenaer kan bidra til å utsetje alkoholdebut hjå ungdom, samt skape samhald og fellesskap blant innbyggjarane i Stryn kommune.

Samarbeid med dei som har sal- og skjenkeløyve for å sikre at alkohol vert omsett på ein forsvarleg og lovleg måte, er også ein viktig del av det ruspolitiske arbeidet. Kommunen har eit tett samarbeid med løyvehavarar av sal- og skjenking.

Politiet er ein svært viktig og nær samarbeidspart i det ruspolitiske arbeidet. Politi og kommunen har sikra samarbeidet gjennom Politiråd der kommunen og politiet møtast jamnleg. I tillegg er det oppretta politikontakt, dette er ein kontaktperson mellom kommune og politi. Denne deltek i ulike samarbeidsfora i kommunal samanheng.

---

<sup>5</sup> <https://stryn.kommune.no/f/p1/idfc1dace-8d56-4c40-b93e-72f8738fab5f/godkjent-grunnlagsdokument-folkehelse.pdf>

### 3.0 Definisjonar

Hovudsakleg er alkoholforbruket i Noreg fordelt på tre hovudgrupper alkoholholdig drikke: øl, vin og brennevin. Lovleg omsetning av alkohol innanlands føreset bevilling og er avgiftsbelagt. Øl, cider og rusbrus med alkoholstyrke opp til og med 4,7 volumprosent alkohol kan seljast i daglegvarebutikkar og på skjenkestadar, medan alkoholhaldig drikke med høgare alkoholinnhald, som sterkøl, vin og brennevin (opp til 60 volumprosent) berre kan seljast på Vinmonopolet og skjenkestadar<sup>6</sup>.

Alkohol er ei lovleg vare når det vert produsert og omset etter regelverket og brukt av personar over 18/20 år basert på % volumprosent alkohol i drikka.

Rusmiddel er definert som stoff som gjev oppleving av rus, samt ulike andre symptom og teikn på for eksempel stimulering av sentralnervesystemet<sup>7</sup>. Alkohol, narkotika, og ein del legemiddel fell under rusmiddelomgrepet. Kva som vert definert som narkotika endrar seg over tid og er ulikt i ulike land. I Noreg er narkotika ulovleg å framstille, omsetje, inneha og bruke uavhengig av alder.

Legemiddel er eit produkt som er framstilt og produsert for å forebygge eller hindre sjukdom, symptom, liding eller smerte. Legemidler kan vere foreskrive av lege og krevje resept, eller verte solgt i avgrensa mengder i t.d apotek<sup>8</sup>. Bruk vs misbruk av legemidler er ein utfordrande balanse som er vanskeleg å få oversikt over.

Skadeleg bruk av rusmidlar er det når ein person har eit forbruk av rusmidlar som fører til problem for helse, sosiale tilhøve, familie og mellommenneskelige relasjonar, arbeidsinnsats og økonomiske utfordringar eller som fører til skader og ulukker og større sjanse for rusmiddelrelaterte lovbrøt. Skadeleg bruk av rusmidler kan føre til rusmiddelavhengighet. (snl.no)

---

<sup>6</sup> <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/beskrivelse-av-rapporten/oversikt-over-alkohol-i-norge-et-folkehelseperspektiv-pa-alkohol/>

<sup>7</sup> [https://sml.snl.no/skadelig\\_bruk\\_av\\_rusmidler](https://sml.snl.no/skadelig_bruk_av_rusmidler)

<sup>8</sup> <https://sml.snl.no/legemidler>

## DEL I: Ruspolitisk del

### Førebygge og redusere uheldig og skadeleg bruk av rusmidlar

#### 4.0 Risiko og konsekvensar ved rusmiddel

Alkoholbruk er vanleg i Noreg, og mange har eit positivt forhold til alkohol som eit innslag til hygge, fritid, sosiale samankomstar og god mat. På den andre sida er bruk av alkohol og andre rusmiddel også forbundet med ei rekke sosiale og helsemessige konsekvensar i form av sjukdommar, skader og psykiske plagar og lidingar. For utviklinga av samfunns- og næringsliv kan alkohol ha ein positiv effekt. Alkoholbruken i befolkninga er truleg svært skeivfordelt. For alkohol er det ingen skarp grense mellom bruk og skadelig bruk<sup>9</sup>.

Ved inntak av alkohol vert reaksjonsevne, balanse og bevegelseskontroll svekka. Desse effektane aukar risiko for ulukker og valdsskader. Bruk av alkohol er ein av dei viktigaste årsakene til trafikkulukker. Bruk av alkohol gjer auka risiko for sjølvskading og sjølv mord, fordi alkohol kan fremje depressivt tankeinnhald samt auke risikoen for negative livshendingar<sup>10</sup>. Alkohol har også ein giftig effekt, både umiddelbart ved høgt inntak, eller ved bruk over tid som ved fleire kreftformer og leverkirrhose. Alkohol er også avhengigheitsskapande, og eit høgt forbruk av alkohol forsterkar dei overnevnte risikoane

Bruk av alkohol under graviditet aukar risiko for blant anna spontanabort, for tidleg fødsel, misdanningar, utviklingsforstyringar, atferd- eller sosiale problemar og lærevanskar. Risikoen for skader aukar jo meir og oftare mor drikk alkohol gjennom graviditeten<sup>11</sup>.

Politet rapporterar at både valdsutøverar og valdsopfre er ofte påverka av alkohol. Av pasientar som er behandla for valdsskader på legevakt eller akutt mottak er over halvparten påverka av alkohol. Blant domfelte for drap eller drapsforsøkt i Noreg var tre fjerdedelar av utøverane og halvparten av ofra alkoholpåverka<sup>12</sup>.

I Noreg er det mange som er nære pårørande til personar med rusmiddelproblem. Mellom 200.000 og 500.000 er nære pårørande til personar med alkoholproblem. Av disse er mellom 50.000 og 100.000 barn eller ungdommar<sup>13</sup>. Å vere nær pårørande til ein som har rusmiddelproblem, aukar risikoen for ustabile levekår, blant annet helseproblem og tidleg uføre, samt svekka familiesamhald og auka isolasjon. Å vakse opp med rusmiddelproblem hjå ein forelder aukar risiko for å utvikle eigne rusmiddelproblem seinare, og er også ein risikofaktor for psykiske lidingar. Foreldre som er påverka av rusmidlar har svekka omsorgsevne<sup>14</sup>

Å talfeste dei økonomiske konsekvensane rusmiddelmissbruk har for samfunnet er vanskeleg. Rusbrukslidningar har store konsekvensar for samfunnet. Kostnaden til somatisk behandling, akutt behandling, skadar etter uhell og ulukker, psykisk helsevern og spesialisert rusmiddelbehandling er

<sup>9</sup> <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/omsetning-og-bruk/alkoholbruk-i-den-voksne-befolkningen/>

<sup>10</sup> <https://forskning.no/alkohol-og-narkotika-statens-institutt-for-rusmiddelforskning-sirus-partner/norsk-drikkekultur-oker-risikoen-for-selv-mord-blant-menn/568713>

<sup>11</sup> <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/beskrivelse-av-rapporten/oversikt-over-alkohol-i-norge-et-folkehelseperspektiv-pa-alkohol/?term=&h=1>

<sup>12</sup> <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/konsekvenser-av-alkoholbruk/alkohol-og-vold/?term=&h=1>

<sup>13</sup> Helsedirektoratet (11/2015), «Voksne pårørande til personar med rusmiddelproblem – En kvalitativ levekårsstudie - «Det gjennomsyrrer jo hele livet»»

<sup>14</sup> Hjærn, A, Arat A & Vinnerljung B: Att växa upp med förellder som har missbruksproblem eller psykisk sjukdom – hur ser livet ut i ung vuxen ålder? Rapport 4. Stockholms Universitet/Karolinska Institutet.

vesentleg. I tillegg er ofte personar som treng behandling for rusmiddelbruk ikkje i arbeid, og utgiftene til ulike trygdeordningar og sosialhjelpsstønad er omfattande. Også andre kan få ødelagt helse og påføre helsevesenet store utgifter som følge av andre sin rusmiddelbruk. Også pårørande kan få auka helseplagar som følge av at den dei er glad i rusar seg.

#### 4.1 Ungdom og alkohol

For størst mogleg potensial for effektiv forebygging av alkoholrelaterte problemar må vi ha ei heilskapleg forståing av utfordringa, og iverksetjing av fleire komplementære verkemiddel med god evidens for effekt.

Kontrollpolitiske verkemiddel som alkoholavgift og avgrensingar på produksjon og sal, har vore i bruk lenge. Forsking dokumentera at desse verkemidla er effektive for å avgrense alkoholbruken og alkoholproblema i samfunnet. Det same gjeld relativt høge aldersgrenser for kjøp av alkohol, streng regulering av reklame og marknadsføring og låge promillegrense i trafikken. Dette er særleg viktige tiltak for å avgrense alkoholbruk blant unge, som er ei sårbar gruppe<sup>15</sup>.

I skilje frå barn til snart voksen endrar haldningar og livsstil seg. Mange er nysgjerrige på å prøve alkohol, og relaterer det med eit steg i retning av vaksenlivet. Dei fleste som drikk før lovleg alder gjer dette i smug, dette er forbundet med spenning, men også ein betydeleg risiko. Eit barn eller ungdom veit ikkje kor mykje alkohol kroppen tåler. Eit inntak som ein vaksen tåler godt, kan være skadeleg for en ungdom. Unge hjerner er meir sårbare for alkoholrelaterte endringar som kan påverke hukommelse og læringsevna. Alkohol påverkar også hjernen sin evne til å styre impulsar, som igjen er assosiert med større risiko for å utvikle ei rusmiddelavhengighet seinare i livet. Unge med høgt alkoholkonsum er også i risikosona for å utvikle psykiske lidingar.

Unge er også utsett for andre negative konsekvensar av alkohol. Dei har større risiko for å verte utsatt for skamfulle episodar, kringling, vald, uønska seksuelle hendingar, skader og ulukker. Ungdom har større risiko for å hamne i situasjonar der samtykke til sex er uklart, og oppleve uønska seksuell merksemd. Ved seksuelle overgrep har ofte både overgriper og offer drukket betydelege mengder alkohol. Mange har også opplevd å ufrivillig bli filma eller fotografert, og at materiale vert spreia på internett og sosiale media<sup>16</sup>. På landsbasis er det eit mønster at tenåringar av foreldre med låg utdanning, drakk alkohol hyppigare og var oftare fulle enn andre. Dei hadde også ein tidligare alkoholdebut. Det same gjaldt tenåringar med arbeidsledige eller trygda foreldre<sup>17</sup>.

---

*Ungdom sitt forhold til alkohol er påverka av drikkevanane til foreldre og andre vaksne. Foreldre har ei særskilt rolle, både som førebilete og grensesetjar.*

---

Det er straffbart å gje eller selje alkohol til personar som sjølv ikkje har lov til å kjøpe drikk. Strafferamma for langing er inntil seks månedar fengsel eller bot. Ved kjøp av alkohol til mindreårige er du også medansvarleg for det som eventuelt kan skje etterpå<sup>18</sup>.

<sup>15</sup> <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/beskrivelse-av-rapporten/oversikt-over-alkohol-i-norge-et-folkehelseperspektiv-pa-alkohol/#tiltak-for-aa-forebygge-alkoholrelaterte-skader-og-problemer>

<sup>16</sup> [https://www.actis.no/files/docs/10\\_ting\\_du\\_bor\\_vite\\_om\\_ungdom\\_og\\_alkohol\\_0.pdf](https://www.actis.no/files/docs/10_ting_du_bor_vite_om_ungdom_og_alkohol_0.pdf)


<sup>17</sup> <http://tidliginnsats.forebygging.no/Nyheter/Tenaringer-i-lavere-sosiale-lag-drikker-mer/>

<sup>18</sup> [https://www.actis.no/files/docs/10\\_ting\\_du\\_bor\\_vite\\_om\\_ungdom\\_og\\_alkohol\\_0.pdf](https://www.actis.no/files/docs/10_ting_du_bor_vite_om_ungdom_og_alkohol_0.pdf)


## 4.2 Noreg

Noreg er eit av landa i Europa med lågast forbruk av alkohol pr innbyggjar. Alkoholomsetninga i landet vert brukt som ein indikator på alkoholforbruket i befolkinga, og vert angitt som talet på liter rein alkohol per innbyggjar 15 år og eldre.

Omrekna i liter rein alkohol per innbyggjar, 15 år og eldre, var det avgiftsbelagte salet på 6,05 liter i 2019. Derav utgjorde øl 2,63 liter, vin og heitvin 2,23 liter, brennevin 1 liter og cider og rusbrus 0,19 liter.<sup>19</sup>



Figur 1 Omsetjing. Kjelde SSB.no<sup>20</sup>




Figur 2

Frå 2019 til 2020 har det vore ei auke i alkoholsalet i Noreg. Utbrotet av covid-19 har ført til avgrensingar i svenskehandel og nedgong i taxfree-handel. Men truleg har ikkje koronapandemien påverka alkoholforbruket vårt nevneverdig, i følgje ei undersøking om rusmidler og tobakk i samarbeid mellom SSB og Folkhelseinstituttet. Tala viser at det framleis er 34 prosent som drikker alkohol vekentleg, medan 15 prosent ikkje har drukke i det heile tatt sist år. Dette er ikkje ei vesentleg endring sidan i fjor. Undersøkinga vart gjennomført i andre kvartal 2020 <sup>21</sup>.

<sup>19</sup> <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/beskrivelse-av-rapporten/oversikt-over-alkohol-i-norge-et-folkhelseperspektiv-pa-alkohol/#tiltak-for-aa-forebygge-alkoholrelaterte-skader-og-problemer>

<sup>20</sup> <https://www.ssb.no/alkohol>

<sup>21</sup> <https://www.ssb.no/helse/artikler-og-publikasjoner/1-av-3-drikker-alkohol-hver-uke>



Figur 3 Andel som drikk vekentleg/6 alkoholeinheiter. Kjelde SSB.no

Det er ulike drikkemønstre i dei ulike aldersgruppene. Nokre drikk eit glas vin på laurdagskvelden, medan andre drikk langt meir når dei først drikk. Middelaldrande i aldersgruppa 45-66 år drikk oftast. Her opplyser fire av ti at dei drikk alkohol minst ein gang i veka. Eldre 67-79 år drikker nesten like ofte, men andelen som drikker kvar veke har gått litt ned frå 2019 til 2020. Rusundersøkinga kartlegg for øvrig ikkje drikkemønsteret for dei eldste på 80 år og over.

#### Hovudtrekk frå befolkningsundersøking (FHI, 2018):

- Det er fleire kvinner, og fleire eldre, som drikk alkohol no enn tidlegare.
- Menn drikk oftare og i gjennomsnitt dobbelt så mykje alkohol som kvinner.
- Eldre drikk oftare, men mindre, enn yngre.
- Øl utgjer meir enn halvparten av forbruket til menn, mens vin utgjer vel 60 prosent av alkoholforbruket til kvinner.
- Éin av ti oppgjer at dei har vore rusa i løpet av dei siste 12 månadene. Å drikke seg rusa er vanlegast i dei yngre aldersgruppene, og menn oppgjer om lag dobbelt så mange rustilfelle som kvinner.
- Om lag to av ti oppgjer at dei har drukke 6 eller fleire einingar ved same høve dei siste 12 månadene. Denne andelen er om lag dobbelt så stor blant menn som blant kvinner.

### 4.3 Rusmiddel og ungdom

Undersøkinga frå Folkehelseinstituttet og SSB, viser at ein av fire i alderen 16-24 år drikker alkohol kvar veke. Nesten en av ti (8 prosent) drikk vekentleg seks eller fleire alkoholeinheits ved same anledning, noe som eksempelvis utgjør ei flaske vin eller fire halvltitarar i løpet av ein kveld.

Ungdata- undersøkingar viser at ungdomane i dag drikk mindre enn tidlegare. Det er ein nedgang både på frekvens og mengde alkoholinntak. Forskarar trur det er fleire årsaker til denne trenden, blant anna er ungdom meir opptatt av helse, press om å lukkast, nærare foreldrerelasjon, digitale relasjonar, frykt for å bli hengt ut i sosiale media, og påverknad frå haldningar til (muslimsk) innvandrerungdom<sup>22</sup>

Det var gjennomgåande liten eller ingen skilnad mellom jenter og gutar når det gjaldt desse måla på alkoholbruk. Nedgangen i alkoholbruk er i tråd med det som er funne i andre undersøkingar i Noreg blant ungdom i same alder.

#### **Tala gjeld undersøkingar gjennomført blant elevar på ungdomstrinnet**

**(2020, evt sist gong ungdata vart gjennomført):**

4% har prøvd/brukt cannabis

5% drikk alkohol jamleg

85% drikk ikkje alkohol/har kun smakt nokre få gongar

5% får lov av foresatte å drikke alkohol

2% Røyker fast (dagleg eller vekentleg)

4% snusar fast (dagleg eller vekentleg)

15% har blitt tilbudt cannabis det siste året

13% har opplevd å vere tydeleg berusa på alkohol

*Kjelde: ungdata.no<sup>23</sup>*



<sup>22</sup> <https://avogtil.no/drikk-ungdommen-mindre-enn-for/>

<sup>23</sup> <https://www.ungdata.no/kartside/>

#### 4.4 Dødsfall som følge av alkohol

Rusmiddelutløyste dødsfall omfattar dødsfall der inntak av alkohol eller narkotika vert rekna som underliggende dødsårsak . Definisjonen omfattar ikkje ulukker og overfall der rusbruk var involvert, men omfattar sjølv mord der rusmidlar var underliggende dødsårsak<sup>24</sup> .

I 2018 ble det registrert 286 narkotikautløyste dødsfall og 335 alkoholutløyste dødsfall. Dessutan inngår akutt alkoholforgifting (ca. 10 prosent). Ein del dødsfall der alkohol kan vere ei medverkande årsak til dødsfall, kjem ikkje med i desse tala. Nokre slike eksempel er sjukdommar som blir forverra ved alkoholbruk, og ulykker (DÅR statistikkbank).

Sjølv om drikkefrekvens og totalt alkoholforbruk er høgare i grupper med høg inntekt og lang utdanning, er førekomen av alkoholutløyste dødsfall høgare i grupper med kort utdanning og låg inntekt <sup>25</sup>.

#### 4.5 Rus og trafikk

Ruskjøring omfattar kjøring under påverknad av alkohol, narkotika og trafikkfarlege legemidlar. Syn, høyrslé og oppfatning av rom, tid og hastigheit vert endra ved ruspåverknad. Alkohol er det rusmiddelet som aukar risikoen for ulukker mest, og som oftast vert påvist ved dødsulykker i trafikken. Ein artikkel frå Nrk hevdar at det kvar dag er om lag 140.000 køyreturar i rus her til lands<sup>26</sup>. Rus har sannsynleg vire ein medverkande faktor i minst 21 prosent av dødsulukker på norske vegar i perioden 2005-2016. Truleg er det reelle talet høgare, då det ikkje vert teke utvida blodprøve av alle trafikkdrepane i Noreg.

I følgje undersøkingar av normaltrafikken køyrer 1 av 30 førarar med alkohol, illegale rusmidlar eller sløvande legemiddel i blodet. Ruskøyrarane kjem frå alle samfunnslag og mange er gjengangarar. Streng lovgjevning, høgt straffenivå og låg sosial aksept i befolkninga gjer at Noreg har lågt omfang av ruspåverka kjøring enn mange andre europeiske land <sup>27</sup>.

---

<sup>24</sup> <https://www.fhi.no/nettpub/hin/psykisk-helse/ruslidelser/>

<sup>25</sup> <https://www.fhi.no/nettpub/hin/levevaner/alkohol-og-andre-rusmiddel--folkehe/#datagrunnlag>

<sup>26</sup> <https://www.nrk.no/trondelag/kampen-mot-ruskjorerne -slik-jobber-utrykningspolitiet- up -med-a-ta-de-farligste-i-trafikken-1.14467410>

<sup>27</sup> <https://www.tryggtrafikk.no/nyheter/bred-innsats-mot-rus-trafikken/>


## 5.0 Utvikling og utfordringar i Stryn kommune

Stryn kommune har litt over 7100 innbyggjarar pr 01.01.20.

I tala frå Grunnlagsdokumentet for folkehelse i Stryn, er det ei jamn auke på hushald med låginntekt for dei som er under 45 år. Den yngste aldersgruppa, 0–17 år, er den som aukar mest. 9,9 % av hushald som har born i alderen 0-17 år, tenar under 60% av medianinntekta, og kan difor kallast låginntektshushald. I 2017 var 1,1 % av aldersgruppa 15-29 i Stryn registrerte som arbeidssøkande. For aldersgruppa 30-74 var 1,4 % arbeidssøkande. Statistikken omfattar alle personar som står registrert i NAV sitt arbeidssøkarregister, også utanlandske utan opphaldstillatelse. Stryn hadde det færre arbeidsledige enn gjennomsnittet for Noreg fram til korona-pandemien vart utbredt i 2020. På ei veke i mars 2020 gjekk talet frå 64 til 243 arbeidsledige personar i Stryn kommune. Ifølgje tal frå Nav Nordfjord har arbeidsløysa i Nordfjord stabilisert seg på eit nivå rundt 2,5 prosent, og 2,1 % i Stryn i august 2020<sup>28</sup>. I mange år har det vore fleire kvinner enn menn som tek høgare utdanning. Det er også fleire menn enn kvinner som kjem til Noreg for å arbeide. 17,8% av befolkninga er opprinneleg frå eit anna land.

Forskning viser at sosioøkonomisk status og sivilstand er faktorar som påverkar alkoholbruken. Drikkefrekvensen var høgare med aukande utdanningsnivå og inntekt, medan andelen som drakk 6+ alkoholeinheiter var lågare med aukande utdanningsnivå og inntekt<sup>29</sup>. Det er eit tydeleg mønster at born og unge vert påverka av foreldre og andre rollemodellar sitt drikkemønster.

I Stryn er balansering mellom næringslivsinteresser og sosiale og helsemessige omsyn særskilt store, på grunn av turistnæringa.




Figur 4: Melde lovbrøt (kjelde SSB)

Bruk av statistikk over melde lovbrøt fordelt etter gjerningskommunar må ta høgde for at det kan vere store variasjonar på dette detaljingsnivå, spesielt for dei kommunane og lovbrøtsgruppene som har få tilfelle. Til ei viss grad er det tatt høgde for denne type statistisk tilfeldige variasjonar ved at tabellen inneheld verdia for toårig gjennomsnitt og kun dei største lovbrøtsgruppene.

<sup>28</sup> <https://www.fjordabladet.no/nyhende/2020/08/28/Over-13.000-er-arbeidsledige-i-Vestland-22572179.ece>

<sup>29</sup> <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/omsetning-og-bruk/alkoholbruk-i-den-voksne-befolkningen/>



Figur 5: Gravide og røyking (kjelde: kommunehelsa statistikkbank)

I Stryn er det fleire som oppgjev at dei aldri har røykt enn resten av fylket. Talet på gravide som oppgjev at dei røyker har gått gradvis ned. Det er færre gravide i Stryn som oppgjev at dei røyker enn fylket og landet.

## 5.1 Ungdom og rusmiddel i Stryn

Ungdataundersøkinga er ei nasjonal undersøking som er gjort på ungdomskulen og vidaregåande skule i kommunen. Sist gong undersøkinga vart gjennomført var i 2017. Undersøkinga gjev oss eit godt innblikk i korleis ungdom har det, trivsel, og helsestilstand. Tala viser relativt låge tal på rusmiddelbruk blant unge i Stryn kommune og andre kommunar i gamle Sogn og Fjordane. Ser vi på tal til nabokommunane Skjåk og Stranda, er det henholdsvis 20% og 23% som oppgjev at dei har vore tydeleg berusa det siste året, i Lom er talet 26 % (2020)<sup>30</sup>.

### Ungdata- undersøkinga i Stryn.

#### 240 elevar deltok på spørjeundersøking i 2017

2% har prøvd cannabis

3% drikk alkohol jamleg (minst 1 gong i mnd)

88% drikk ikkje alkohol/har kun smakt nokre få gongar


4% får lov av foresatte å drikke alkohol

0% Røyker fast (dagleg eller vekentleg)

2% snusar fast (dagleg eller vekentleg)

7% har blitt tilbudt cannabis det siste året

5% har opplevd å vere tydeleg berusa på alkohol siste året (2017)



Tala frå ungdataundersøkinga i 2017 viser kva rusvanar og haldningar ungdom hadde då. Det tverrfaglege førebyggingsforumet i kommunen har inntrykk av at det er lite utfordringar når det kjem til bruk av rusmidlar i ungdomsmiljøa som vi kjenner til. Også politiet har lite merknader til rusrelaterte utfordringar blant ungdomar i kommunen. Samstundes viser nyare ungdata tal frå kommunane nært Stryn ei relativt høg auke i talet på ungdomar som drikk alkohol jamleg, har vore tydeleg berusa det siste året, og som hevdar at dei får lov av foresatte å drikke alkohol. Ungdataundersøkinga for Stryn i 2021 vil vise om dette er ein trend i vår kommune også.

## 5.2 Legal omsetnad av alkohol lokalt:

Iflg. alkohollova skal alle sals- og skjenkestadar gje opp omsett vareliter alkoholhaldig drikk kvart år som grunnlag for fastsetting av alkoholavgift. Dette gjev oversikt over den legale alkoholomsetnaden i kommunen og gjer det mogleg å følgje lokal utvikling over tid.

Stryn er ei kommune med mange turistar, og turismen er aukande. Fleire aktivitetstilbod og meir fokus på ein aktiv ferie har ført til at turistsesongen er blitt utvida. Stryn har også mange hytteområder som vert nytta året rundt. Desse faktorane gjer at det vert utfordrande å vite noko om alkoholforbruket til innbyggjarane i kommunen ut frå statistikken om salet frå utsal- og skjenkestadar. Også heimeproduksjon av alkoholhaldig drikke kjem heller ikkje fram i statistikken.

<sup>30</sup><https://www.ungdata.no/kartside/?kommune=Stryn>

Stryn kommune har pr i dag følgjande tal på sal- og skjenkestadar samt tobakkutsal:

Tal løyve til skjenkestadar: 32

Tal løyve til salsstadar: 14

Tal utsal av tobakk: 21

### 5.3 Kommunale innsatsområder

Arbeidet for å nå målet «Førebygge og redusere uheldig og skadeleg bruk av rusmidlar» er fordelt på fleire innsatsområder i kommunen. Noko er ein del av den langsiktige satsinga i kommunen, medan andre ting er tilpassa etter behov eller situasjonar. Endringar i til dømes nasjonale føringar og statistiske funn, endrar også kva delmål eller strategiar som vert prioritert.

#### 5.3.1 Skule

Skulane og barnehagane brukar ulike program der tema/deltema er knytt til førebyggjande rusarbeid. Slik program er t.d MOT, Steg for steg, Mitt val, Zippy, Veke 6 og Pals. Sentralt i mange av programma som vert brukt er læringa knytt til å ta eigne val, setje grenser for seg sjølv og å motstå gruppepress. Stryn er MOT-kommune som sikrar ungdomskuleelevene faste besøk frå lokale MOT-coachar. Det er haldningsskapande program som styrkar kvar enkelt ungdom og skapar trygge og inkluderande klassemiljø. MOT sine hovudverdiar er: MOT til å bry seg, MOT til å leve og MOT til å seie nei.

Det vert i tillegg arbeid med eigne, lokale opplegg der ulike tema rundt barnet/eleven vert sett i ein samanheng. Tema rus vert også arbeidd med i enkelt fag som t.d. naturfag og samfunnsfag. Folkehelse og livsmeistring er no eit tverrfagleg tema som ein skal arbeid med i skulane. Her er det naturleg at rusførebygging er tema.

Alle einingane har tiltaksplanar for eit god psykososialt skule-/barnehagemiljø. Desse planane er ein viktig del i arbeidet rundt det å trygge barn og unge i å stå for det ein meiner og gjere gode val for seg sjølv. Arbeid med sosial kompetanse er også sentralt.

Nokre skular har miljøarbeidarar/miljøterapeut som kan støtte opp i dette arbeid og som kan ha samtalar med elevar. Skulane har også viktige samarbeidspartar i helsesøster og/eller psykisk helsearbeider opp mot psykologisk førstehjelp og andre tema. Politiet har ein samarbeid med, dei er inne på barnetrinnet og heilt opp til dei vaksne på vaksenopplæringa. Vaksenopplæringa samarbeider også med flyktingstenesta.

#### 5.3.2 Skulehelseteneste

Skulehelsetenesta er ein del av helsestasjonsverksemda i kommunen, og er samansett av helsesjukepleiarar og skulelege. Helsesjukepleiarane har faste dagar på skulane rundt om i kommunen. På skulane er dei både ein ressurs for lærarane og dei har samtalar med elevar. I tillegg er dei med på årlege foreldremøter for å informere om tilbodet samt gjere seg kjende slik at foreldre kan ta kontakt ved behov.

Kommunen har også helsesjukepleiarressurs 2 dagar pr. veke ved Stryn vidaregåande skule.

Skulehelselege har kontoradag ein dag pr. veke på helsestasjonen.

### 5.3.3 Helsestasjon for unge

Helsestasjon for ungdom (HFU) er eit drop-in-tilbod for både gutar og jenter mellom 13 og 20 år og er eit supplement til skulehelsetenesta. Tilbodet er gratis. Tilsette på HFU har kunnskap om seksuell helse, prevensjon og vi har god erfaring med å prate om ting som kan vere vanskeleg og utfordrande i livet. Helsesjukepleiar og jordmor er tilgjengeleg, og har teieplikt.

### 5.3.4 Psykisk helsearbeidar barn og unge

I 2018 tilsette Stryn kommune psykisk helsearbeidar med målgruppe barn og unge. Psykisk helsearbeidar er eit lavterskeltilbod til barn og unge. Psykisk helsearbeidar har oppfølgingssamtalar på skular, i heimen, på kontoret eller kan avtale andre møtestadar der det er hensiktsmessig.

### 5.3.5 Frisklivssentral

Frisklivssentralen er ei kommunal helseteneste som skal førebyggje sjukdom og fremme god helse. Fokusområda til frisklivssentralen er fysisk aktivitet, kosthald og tobakksbruk. Målet med tilbodet er betre helse gjennom gode levevaner.

### 5.3.6 Fastlege

Fastlegane har ei viktig rolle i det førebyggjande arbeidet, samt i arbeidet med å redusere skadleg bruk av rusmidlar. Fastlege er tilvisingsinstans for vidare oppfølging ved spialisthelsetenesta.

### 5.3.7 Barneverntenesta

Barneverntenesta jobbar med å sikre at barn og unge som lever i under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får hjelp. Barneverntenesta tilbyr barnehagane rettleiing og undervisning i det å kunne sjå, avdekke og handtere rusmisbruk og omsorgssvikt. Nasjonale føringar endrar måten barneverntenesta yter sine tenester. I framtida vert meir av det faglege og økonomiske ansvaret flytta over til kommunane. Dette fører til at dei må jobbe meir målretta og førebyggjande i arbeidet med familiar, barn og unge. Eit godt tverrfagleg samarbeid er viktig for denne tenesta, samt tidleg innsats.

### 5.3.8 Psykologteneste

Frå 01.01.20 har kommunane eit lovpålagt krav om psykologkompetanse. Med avgrensa ressursar vert denne kompetansen primært nytta til førebyggjande arbeid for barn og unge.

### 5.3.9 NAV

NAV-kontoret skal tilby ei individuell og heilskapleg tilpassa oppfølging med dei tenester, tiltak og verkemidlar kontoret rår over. Tenester som aktivitetstiltak og arbeidsutprøving er lagt til NAV-kontoret.

### 5.3.10 Psykisk helse og rustenester til vaksne

I Stryn kommune er tenester for oppfølging av rusavhengigheit og psykiske lidingar organisert i tenetser psykisk helse og rus. Denne tenesta jobbar primært etter vedtak til dei som har behov for oppfølging for si avhengigheit og lidingar. I avdelinga er det i tillegg til individuell oppfølging og eit dagaktivitetstilbod samt oppfølgingstilbod i heimane. Sjølv om desse har hovudfokus på oppfølging av dei med etablerte lidingar vert det likevel sett på som eit førebyggjande tiltak for å unngå progresjon i problematikk samt å redusere skadeverknadar.

### 5.3.11 Førebyggingsforum

Stryn kommune har eit tverrfagleg førebyggingsforummed med faste medlemmar frå barneverntenesta, NAV, kulturavdelinga, helsesjukepleiar, politi, repr. frå vidaregåande skule og

skuleetaten. Førebyggingsforum (FF) for ungdomsmiljøet i Stryn sin visjon er at born og unge i Stryn kommune skal ha eit godt og trygt oppvekstmiljø som stimulerer til ei positiv utvikling.

Førebyggingsforumet er forankra i kommunen sin ruspolitiske handlingsplan, og byggjer på forpliktande samarbeid mellom dei ulike innstansane. Førebyggingsforum har minst 4 faste møter per år. Forumet sine fokusområder er mellom anna nettvett, vald og overgrep, psykisk helse og rus.

### 5.3.12 Rusfrie arenaer

Telegrafan ungdomskafé vart skipa i 2002. Stryn kommune, Stryn vgs, Stryn Røde Kors, MOT er nokre av til saman 10 stiftarar. Utjamning av sosiale skilnader i helse, mindre rusmiddelbruk, mindre einsemd, auka meistring og auka sosial støtte er positive ringverknadar gjennom deltaking i fritidsklubber. Telegrafan er eit lågterskeltilbod til ungdommane i kommunen, og har ein rusfri og antirasistisk profil, og er eit uavhengig miljøtiltak for ungdom som bur eller oppheld seg i Stryn. Ungdomskafeen tilbyr ungdom ein rusfri møteplass, ulike aktivitetar og noko matsservering, for ungdom mellom 13-20 år.

Stryn bibliotek har hatt ei positiv utvikling dei siste åra med stor auke i besøk og utlån, særleg for barn og unge. Biblioteket er eit «meir ope-bibliotek» der brukarane får tilgang til lokala også utanom ordinær opningstid. Biblioteket skal vere ein møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Stryn bibliotek har rundt femti små og store arrangement gjennom året.

Stryn Frivilligsentral er eit kontaktpunkt og eit bindeledd mellom dei som frivillig ønskjer å yte ein ubetalt innsats i nærmiljøet og dei som ønskjer å ta imot eit slikt tilbod. Det er og ein viktig møteplass for dei frivillige. Frivilligsentralen er eit viktig inkluderingsiltak i kommunen med sine mange aktivitetar. Stryn Frivillegsentral hadde i 2017 nær 300 friviljuge knytt til seg, og det vart det året registrert 8864 friviljuge timar utført i regi av sentralen.

### 5.3.13 Anna, frivillege lag, organisasjonar og idrett.

Stryn kommune har eit rikt organisasjonsliv med eit stort tal friviljuge organisasjonar. Deltaking i kulturskule, idrettslag og friviljuge organisasjonar har ein verdi i seg sjølv, men òg tilleggsverdiar i form av t.d. auka fysisk aktivitet, tilhøyrslø, sosialt nettverk og fellesskap. Slike verdiar er med på å skape gode lokalsamfunn. For barn og unge gjev deltaking i lag, foreiningar o.l., andre erfaringar og læringsvilkår enn skulen, og også meir uformelle møteplassar. I tillegg lærer barn og unge også å fungere i eit fellesskap, å ytre egne meiningar og å jobbe målretta.

### 5.3.13 Kompetanse

Stryn kommune må ha ein heilskapleg kompetanseplan for å sikre gode resultat, kvalitet, styring og tryggleik i organisasjonen.

Kompetanseutvikling må vere forankra i lokale behov, og Stryn kommune må ha ein eigen plan for kompetansebehovet når det gjeld blant anna tilsetjing og vidareutdanning i dei ulike tenestene. Å ha dyktige og kompetente medarbeidarar er kommunen sin største verdi. Kompetanse er viktig for å skape kvalitet i tenesta. Med viktig og riktig kompetanse i tenesta er det større moglegheit for å lukkast med utvikling og endring, og for trivsel på arbeidsplassen.

## 5.4 Hjelp ved rusmiddelbruk

Kva ein tenkjer er problematisk bruk i høve rus, er veldig individuelt. Erfaring kring utfordringar med rus har vist at tidleg hjelp er viktig.

Dersom ein er bekymra for sitt eige rusmiddelforbruk må ein søkje hjelp. I Stryn kommune kan slik hjelp vere:

- Støttesamtaler og motivasjonsarbeid
- Hjelp til å etablere behandling, i eller utanfor institusjon
- Individuelt tilrettelagt samarbeid mellom ulike tilbod i kommunen. Eksempel: Lege, helsesøster, skule/ arbeidsgjevar, Frisklivssentralen, psykisk helsearbeidar, heimetenestene i psykiatri, heimesjukepleien
- Utarbeiding av Individuell plan
- Hjelp til å søke bustad
- Økonomisk rådgjeving
- Vidareformidling av støttegrupper

Som arbeidstakar kan du kontakte AKAN (kompetansesenter for rus- og avhengighetsproblematikk på arbeidsplassen).

Det same gjeld dersom ein er bekymra for at andre sitt rusmiddelforbruk er på veg til å bli eit problem. Foreldre, ektefelle og andre pårørande kan få generelle råd og rettleiing ved å ta kontakt med kommune instansar.

## 6.0 Mål og tiltak

Det overordna målet gjennom det rusmiddelpolitiske arbeidet i Stryn kommune er å førebygge og redusere uheldig og skadeleg bruk av rusmidlar. For å nå desse måla har vi utforma startegiar med tilhøyrande tiltak.



### 6.1 Mål

Måla til Stryn kommune er å kome hit:

1. Nokre soner i livet og i samfunnet er rusfrie, særleg område og tidspunkt der tilstellingar for barn, ungdom, og familiar med barn er ei naturleg målgruppe for rekreasjon og sosialt samvær.
2. Barn og unge har eit mangfald av rusfrie aktivitetar og arenaer
3. Innbyggjarane i kommunen har eit fornuftig og forsvarleg forhold til bruk av rusmidlar.
  - Totalforbruket av alkohol er på eit lågt nivå
  - Debutalderen for bruk av alkohol er høg
  - Born/unge snusar eller røyker ikkje
  - Vaksne er gode førebilete og grensesetjarar
  - Langing frå vaksne og eldre ungdomar skjer ikkje
  - Bruk av narkotika er eit ikkje-eksisterande problem
4. Førekosten av alkoholrelatert sjukdom er låg
5. Kommunen har kompetente tenesteytarar

### 6.2. Strategiar

- Styrke forståing av kor viktig alkoholfrie soner er for einskildmenneske og samfunn
- Aktiv kulturpolitikk for barn og unge
- Aktivt haldningsskapande arbeid og informasjon
- Regulere tilgangen på alkohol gjennom løyvepolitikken, og medverke til at løyvehavarane opptre ansvarleg og har god internkontroll for å sikre at regelverket vert fylgt til ei kvar tid
- Auke kunnskap om samanheng rus og helse
- Samordne førebyggjande innsats mellom ulike aktørar
- Avdekke misbrukarproblem så tidleg som råd og utvikle samordna og forpliktande oppfølging og iverksetting av hjelpetiltak
- Halde seg fagleg oppdatert på kunnskap knytt til born og unge sine oppvekstvilkår

### 6.3 Tiltak

Styrke forståing av kor viktig alkoholfrie soner er for einskildmenneske og samfunn

1. Informasjonsarbeid i lokalsamfunnet
2. Mersemd på rusfrie soner i handsaminga av løyver

Aktiv kulturpolitikk for barn og unge

1. Førebyggjande tiltak for barn og unge gjennom aktiv kulturpolitikk
2. Alle kommunale arrangement for unge under 18 år skal vere rusfrie

Aktivt haldningsskapande arbeid og informasjon

1. Informasjonsarbeid i lokalsamfunnet
2. Fast tema i skuletida
3. Informasjonsarbeid ved helsesjukepleiarar i skulehelsetenesta

Regulere tilgangen på alkohol gjennom løyvepolitikken, og medverke til at løyvehavarane opptre ansvarleg og har god internkontroll for å sikre at regelverket vert fylgt til ei kvar tid

1. Føreseielege retningslinjer for alkoholhandtering og følgje desse
2. Faste møtepunkt mellom kommune og løyvehavarane
3. Kontrollverksemnd av løyvehavarane

Auke kunnskap om samanheng rus og helse

1. Informasjonsarbeid i lokalsamfunnet
2. Kompetansehevande tiltak blant tenesteytarane

Samordne førebyggjande innsats mellom ulike aktørar

1. Halde seg fagleg oppdatert på kunnskap knytt til born og unge sine oppvekstvilkår
2. Faste møtepunkt mellom instansane

Avdekke misbrukarproblem så tidleg som råd og utvikle samordna og forpliktande oppfølging og iverksetting av hjelpetiltak

1. Sikre kompetanse til å avdekke rusmisbruk
2. Ha strukturar for tverrfagleg samarbeid
3. Ha metodar for hjelpetiltak

## Matrise for oppgåver og ansvar

<b>Kva</b>	<b>Ansvar</b>
Mersemd på rusfrie soner i handsaminga av løyver	Kommunalsjef helse og sosial v/saksbehandlar skjenkesaker
Informasjonsarbeid gjennom kommunen si heimeside og ved kommunale instansar	Kommunedirektør v/kommunalsjefar og leiarar i tenestene
Prioritering av førebyggjande tiltak for barn og unge gjennom aktiv kulturpolitikk	Politikarar
Halde fram samarbeid med Politiet ved Politiråd	Ordførar
Ungdomsrådet vert nytta som aktiv medspelar og ansvarleg representant for utviklinga av eit godt ungdomsmiljø	Ordførar
Halde fram med Førebyggingsforum Samordne førebyggjande innsats mellom ulike aktørar	Kommunalsjef helse og sosial v/leiar Førebyggingsforum
Foreldreveiledning i foreldremøter	Kommunalsjef oppvekst
Skulane i kommunen vidarefører haldningsskapande arbeid og har kontinuerlig fokus på haldningsskapande og trivselsskapande tiltak ved bruk av bl.a. verktya Zero, Zippys venner, Pals eller MOT	Rektor
Nytte Ungdata for å kartlegge årsaker til negative miljø/problemåtferd	Folkehelserådgjevar
Alle kommunale arrangement for unge under 18 år skal vere rusfrie	Avdelingsleiar kultur
Samarbeid frivilligsentral og Telegrafan ungdomskafe- utvikle samarbeid	Avdelingsleiar kultur
Nyttiggjere prosjektmidlar/tilskotsmidlar (arbeid med tilskuddsportalen)	Kommunalsjefar
FRI- Eit undervisningsprogram om tobakk, tilpassa ungdomsskulen sin læreplan	Kommunalsjef oppvekst
Jamlege møtepunkt mellom kommunen og løyvehavarane	Kommunalsjef helse og sosial

Handtere regelverk om rusmiddel, samt sal og skjenking av alkohol.

### 7.0 Løyvepolitikk

Føremålet med løyvepolitikken er å medverke til at alkohol og tobakk vert omsett på ein lovleg måte i tillegg til å regulere tilgangen.

Kommunen sine oppgåver etter alkohollova har som føremål i størst mogeleg grad å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkohol- og tobakkbruk kan medføre.

Løvetildelinga skal vere i tråd med lov- og retningslinjer.

Brot på vedtak om løyve er regulert gjennom alkohollova og alkoholforskrifta.

#### Kontrollverksemd

Kommunen har ansvar for kontroll med utøvelsen av kommunalt løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk og kommunalt løyve til salg av alkoholhaldig drikk. Vidare har kommunen ansvar for tilsyn med registrerte salsstadar for sal av tobakksvarer og tobakksurrogater til forbrukarar.

Kontrollverksemd i Stryn kommune vert utført av kontrollfirma. Pr. dato vert Securitas nytta som kontrollørar.

Ved avvik som vert avdekt av kontrollør vert det levet rapport til kommunen. Kommunen har ansvar for å følgje opp avvika. Prikktildeling jf. Alkoholforskrifta, vert nytta som straff ved avvik. Ved prikktildeling kan sal- og skjenkestandane miste løyvet sitt for ein avgrensa periode. Ved alvorlege brot på alkoholreglane kan løyvet verte inndrege for heile vedtaksperioden.

#### Retningslinjer

Retningslinjer er utarbeidd ut frå alkohol- og tobakkslovgjevinga, samt loke lokale føringar. Desse ligg som vedlegg til planen.

#### Evaluering

Evaluering skjer ved revisjon av planen kvart 4. år. Dette er samanfallande med kommunestyreperioden. Ved vesentelege endringar i løpet av perioden vil planen bli oppdatert.

#### Vedlegg